



Meland kommune

Hans Erik Unneland
Håtuftvegen 25 A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/420 - 19/22551

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

08.11.2019

Etterlysing dokumentasjon arbeid ferdigstilt - GBNR. 28/18

Me viser til vårt brev datert 17.02.2017, til dåværende ansvarleg søkjar RBE Ragnvald Rasmussen, med kopi til deg, som gjaldt førespurnad om status i byggesak på gnr. 28, bnr. 18. Me er informert om at RBE Ragnvald Rasmussen, organisasjonsnr: 986 246 537 er avvikla, og er meldt sletta i Enhetsregisteret 03.10.2009. Me tek kontakt med deg då du står som grunneigar/tiltakshaver av gnr. 28, bnr. 18.

Samstundes viser me til epost-korrespondanse mellom kommunen og deg i perioden 21.02.2017-08.09.2017. Dette gjaldt informasjon frå kommunen om at det stillast krav til ferdigattest og sluttdokumentasjon i samband med ombygging av bueiningane i Håtuftvegen 25A og 25B, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Dette er nærare forklart i ein epost av 08.09.2019 mellom deg og kommunens representant. Du mottar dette brevet då Meland kommune ikkje har motteke. denne dokumentasjonen.

Me etterlyser i den samanheng nødvendig sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå ansvarleg søkjar på at arbeidet med ombygging av tomannsbustaden er utført. Det er i følgje våre saksdokumenter verken gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest på ombygginga frå Meland kommune.

Meland kommune er blitt gjort oppmerksom på at begge bueiningane er tekne i bruk.

I samband med ovannemnde arbeid etterlysar me ei tilbakemelding frå ansvarleg søkjar om at arbeidet er ferdigstilt.

Me ber om at dokumentasjonen blir sendt til kommunen. Frist for innsending setjast til **30.11.2019**.

Med helsing

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hans Erik Unneland

Håtuftvegen 25 A 5918

FREKHAUG